



Berit Karin Sæverås
Sævråsvegen 400
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1892 - 17/20797

Saksbehandlar:
Christian H. Reinshol
Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:
10.07.2017

Høyring av søknad om utviding av akvakulturanlegg etter akvakulturlova, lokalitet Ospeneset

Eide Fjordbruk AS søker om å få utvide akvakulturanlegget bestående av plastringar på lokaliteten Ospeneset i Lindås kommune. Det vert søkt om å etablere til saman 6 plastringar på anlegget. Det vert samstundes søkt om å få flytte fôrflåten frå dagens plassering sørvest for anlegget, til ny posisjon nordvest for anlegget. Bakgrunnen for søknaden er at Eide Fjordbruk AS ynskjer å utnytte fullt ut løyva på til saman 3120 tonn som er gitt for lokaliteten Ospeneset.

Den omsøkte utvidinga vil skje ut i eit område som i dag ligg som fleirbruksområde i sjø i gjeldande kommuneplan. Det pågår for tida reguleringsplanarbeid for å regulere nytt areal til akvakultur på lokaliteten, og denne reguleringsplanen er på høyring fram til 20. august. Reguleringsplanen må vere godkjent for at det kan verte gitt løyve etter akvakulturlova. Søknaden vert handsama parallelt med reguleringsplanen, då Eide Fjordbruk ynskjer å få satt ut fisk i oktober. Om ein ikkje rekk dette utsettet, må ein vente til oktober 2019 før ein får sett ut produksjon tilsvarande løyva som er gitt på lokaliteten.

Søknaden med tilhøyrande dokument vert tilgjengeleg på Lindås kommune si nettside, www.lindas.kommune.no, under «Høyringar og kunngjeringar». Saka vert også lagt ut i kundesenteret på rådhuset i Knarvik. Lindås kommune skal gi uttale til søknaden etter plan- og bygningslova og merknader til søknaden vert oversendt til Hordaland fylkeskommune etter høyringsperioden.

Merknader til søknaden etter akvakulturlova må framsetjast skriftleg og må sendast innan 12.08.2017 til: *Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø* eller via epost til postmottak@lindas.kommune.no.

Med helsing

Christian H. Reinshol
rådgjevar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Berit Karin Sæverås
Ingunn Oddny Kolås
Karstein Sæveraas

Sævråsvegen 400 5957
Kolåsvegen 109 5955
Solstrandvegen 9020
161 A

MYKING
LINDÅS
TROMSDALEN